

Mobbeforskingas historie – forminga av eit forskingsfelt

FAGFELLEVURDERT ARTIKKEL

Av: Cecilie Boge, Førsteamanuensis, Universitetet i Bergen (2/2019)

Samandrag

Fram til andre halvdel av 1960-åra vekte relasjonar mellom barn lite merksemd. Det endra seg dramatisk etter introduksjonen av mobbeomgrepet rundt 1970. Mobbing er i dag eit dagsaktuelt problem i skulen med tilhøyrande tiltaksprogram, samt eit stort internasjonalt forskingsfelt. Basert på eit historisk kjeldemateriale, m.a. forskingslitteratur om mobbing, avisartiklar og politiske dokument frå 1970-talet og utover, viser denne artikkelen korleis mobbeforskinga blei forma i skjæringspunktet mellom vitenskap og politikk. Norsk mobbeforsking utvikla seg til å bli ein sær eigen måte å vita på, kalla teknovitskap, kjenneteikna av forskning på mobbing, utvikling av tiltak og forskning på effektane av tiltaka. Eit sentralt trekk ved utviklinga er at forskarane og politikarane drog nytte av kvarandre i dette arbeidet.

Until the second half of the 1960s, children's relations caught little attention among adults and science as such. This changed dramatically when the concept of "mobbing" was introduced around 1970. Today, "mobbing" or bullying, is an acknowledged problem in schools all over the world, and has spurred prevention programs and a successful field of research. Through studies of historical sources, such as research literature, newspapers and political documents from the early 1970s and onward, this article shows how bullying research developed in the intersection between science and politics. Norwegian research on bullying developed into a specific way of knowing known as technoscience, characterised by research on bullying, development of prevention programs and evaluation studies on the effects of these programs. A specific feature of this development is a reciprocal influence that both researchers and politicians benefitted from.

Nøkkelord: mobbing, mobbeforsking, vitenskapshistorie, teknovitskap, Olweus, Roland

Innleiing

Hausten 1969 publiserte det svenske tidsskriftet *Liberal Debatt* ein artikkel med tittelen *Apartheid*, skriven av den svenske legen Peter-Paul Heinemann. Artikkelen handla om eit menneskeleg fenomen forfattaren hevda var eit forstadium til apartheid, nemleg *mobbing*. Omgrepet hadde Heinemann henta frå boka *Aggression. Dess bakgrund och natur* (1967) av den austerriske etologen Konrad Lorenz. I denne boka blir mobbing brukt om ei artsbevarande åtferd blant dyr der ei gruppe fuglar tilsynelatande utan grunn går til angrep på andre fuglar av ein annan art, ofte med døden til følge (Lorenz, 2002, s. 47). Den same åtferda hos menneska gir seg utslag i "lunchmobbar, pogromer och liknande", hevda

Heinemann, og framheva det problematiske i at det svenske samfunnet hadde gløymt at mobbing startar allereie blant barn (Heinemann, 1969, s. 9). Mobbeomgrepet og Heinemann si forståing av fenomenet blei plukka opp av den svenske riksavisa *Dagens Nyheter*, som seinhaustes 1969 publiserte ein artikkelserie om nettopp mobbing. Og allereie vinteren 1970 var nyordet *mobbing*, eller *mobbning* som det etter kvart blei heitande på svensk, tatt inn i den svenske ordboka.

I dag er mobbing ikkje berre eit dagsaktuelt problem i skulen med tilhøyrande tiltaksprogram og tiltaksplanar, det er også eit internasjonalt forskingsfelt med opphav i Skandinavia. Den svenske psykologen Dan Olweus, som i 1970 blei tilsett som professor i psykologi ved Universitetet i Bergen, blir ofte kalla ”mobbeforskingas far (Koops, 2012, s. 517). Olweus var den første som gjennomførte ein vitskapleg studie på mobbing, ein studie som seinare skulle visa seg å bli skuledannande for heile forskingsfeltet. Studien blei publisert på svensk i 1973 i boka *Hackkycklingar og översittare – forskning på skolmobbning* og utgiven på norsk året etter.

I rapporten *Skolan – en arena för mobbning. En forskningsöversikt och diskussion kring mobbning i skolan* frå 2002 skriven på oppdrag for det svenske Skolverket, konkluderer dei svenske forskarane med at mobbeforskinga har vore dominert av ei bestemt forståing av mobbing i over 30 år. Dette perspektivet på mobbing var utforma og konsolidert av Dan Olweus og basert på det forfattarane kallar eit ”individualistisk perspektiv” på mobbing. I dette ligg det at mobbeforskarane først og fremst finn årsakene til mobbing i barnas individuelle aggressive disposisjonar, som igjen kan forsterkast eller dempast av bestemte faktorar i omgjevnadene til barnet (Eriksson, Lindberg, Flygare & Daneback, 2002, s. 13).

I denne artikkelen skal eg drøfta korleis det gjekk til at eitt bestemt perspektiv fekk ein så dominerande posisjon innan mobbeforskinga slik dei svenske forskarane fann i litteraturgjennomgangen. Utgangspunktet er å drøfta utviklinga sett i lys av den historiske konteksten og ikkje minst drøfta kva vitskaplege, samfunnsmessige og politiske faktorar som påverka denne utviklinga. Eit viktig startpunkt er å drøfta kvifor problematiseringa av relasjonane mellom barn kom rundt 1970 og ikkje før og ikkje etter. Kva skjedde i løpet av 1970- og 1980-talet som la grunnen for mobbeforskingas ekspansjon på 1990-talet?

Vitskapshistorie og historisk kontekst

Det teoretiske utgangspunktet for artikkelen er henta frå vitskapshistoria. Studiar av kunnskap, teknologi og samfunn, på engelsk kalla STS (science and technology studies), framhevar korleis den gjensidige påverknaden mellom vitskapen, samfunnet og det sosiale livet er avgjerande for utviklinga av eit forskingsfelt. Eit anna aspekt som har blitt lagt mykje vekt på i seinare års studiar, er viktigheita av historisk, geografisk og kulturell kontekst for utviklinga av vitskap (Hackett, Lynch, Amsterdamska, Lynch & Wajcman, 2008, s. 1-2).

Den britiske vitskapshistorikaren John Pickstone søkjer i boka *Ways of Knowing. A New History of Science, Technology and Medicine* frå 2001 å bryta opp det altomfattande vitskapsomgrepet gjennom å presentera fem ulike måtar å vita på; *world readings, natural history, analysis, experimentalism* og *technoscience* (Pickstone, 2001, s. 3). I motsetnad til paradigmeomgrepet til Thomas Kuhn, opptre ikkje desse vitemåtane berre suksessivt, men også transhistorisk eller parallelt og uavhengig av disiplinær og historiske epokar.

I denne artikkelen kjem eg til å sjå på mobbeforsking i lys av den siste av desse vitemåtane, *teknovitskap*, sjølv om delar av den etablerte mobbeforskinga kan seiast å vera prega av både naturhistorisk og analytisk vitemåte. Ein naturhistorisk vitemåte er kjenneteikna av klassifisering, medan ein analytisk vitemåte er karakterisert av at dei ulike delane av eit problem eller eit objekt blir undersøkt og analysert med eit uttal ulike metodar og innfallsvinklar. Tradisjonelt har mobbeforskinga vore oppteken av å leita etter og analysera identifiserande trekk ved mobbingas vesen. Mellom anna har det vore undersøkt kva som kjenneteiknar individa som er mobbar eller mobbeoffer, altså ei form for klassifisering gjennom dualismen mobbar/offer. Men det som først og fremst skil Pickstone sin teori frå andre teoriar om vitskapens framvekst, er måten han koplar dei ulike vitemåtane med ulike måtar å *produsera* ting på:

I am interested in the ways in which knowledge is built into commodities or other products, such as new pharmaceuticals or new weapons. I use the term *technoscience* for technological projects which are heavily dependent on science (or vice versa). (Pickstone, 2001, s. 3.)

Pickstone ønskjer altså å flytta fokuset frå vitskapens argumentasjon til vitskapens produksjon, for på den måten å få eit anna perspektiv på vitskapshistoria enn ein tradisjonelt

har hatt. Teknovitskap er ein særeigen måte å vita på, karakterisert av ei tett kopling mellom interessene til politikarane, forskarane og kommersielle krefter. Sistnemnte treng ikkje nødvendigvis vera kommersielle bedrifter, det kan like godt vera forskingsinstitutt eller tenester, her forstått som tiltaksprogram mot mobbing (Pickstone, 2001, s. 13-15). Pickstone sin teori om teknovitskap bidreg nettopp til å tydeleggjera dei tette banda mellom politikk, vitskap og utviklinga av tiltaksprogram i denne artikkelen.

Mobbeforskingas historie har vore tematisert i ei rekkje svenske og danske forskingsbidrag, medan den norske delen av feltet har vore lite utforska (Eriksson mfl., 2002; Agevall, 2007a, 2007b; Larsson, 2008a, 2008b, 2010a, 2010b, 2012; Nordgren, 2009, Kofoed & Søndergaard, 2009, 2013; Boge & Larsson, 2018). Denne artikkelen er basert på arbeidet eg utførte i samband med ph.d.-avhandlinga mi frå 2016 (Boge, 2016). Kjeldematerialet for dette arbeidet er forskingslitteratur, primært dei tidlegaste mobbestudiane frå fagfeltets start tidleg på 1970-talet og fram til 1990-talet då talet på publikasjonar eksploderer internasjonalt. I tillegg har eg gått gjennom politiske dokument, rapportar, aviser og tidsskrift som har omfatta mobbing i ein eller anna form (Boge, 2016, s. 18-23).

Problematisering av relasjonar mellom barn og framveksten av eit nytt omgrep

Dei fleste vil vera einige i at mobbing mellom barn ikkje var eit nytt fenomen som oppstod då Peter-Paul Heineman namngav fenomenet i 1969. Det som derimot var nytt, var tanken om at dette var eit problem for barna. Det at barn plaga kvarandre hadde fram til Heinemann kom på banen vore sett på ei naturleg herding ein måtte gjennom for å bli vaksen. Kvifor hadde dette endra seg i 1969?

Den britiske barndomshistorikaren Hugh Cunningham hevdar at ei av dei viktigaste endringane i barndomens historie kom som følgje av avviklinga av barnearbeidet i vestlege land mot slutten av 1800-talet. På denne tida endra synet på barnet seg og barnet gjekk frå å ha ein økonomisk verdi for foreldra til å få ein emosjonell verdi (Cunningham, 1996, s. 191). Den norske pedagogen Harald Thuen argumenterer for at det samstundes vaks fram ein idé om at barnet hadde rett på ein barndom med tilhøyrande rettar sikra av det offentlege, ei oppfatning som passa som hand i hanske med ein annan samtidig idé, nemleg at nasjonens velstand var bygd på ei sunn og frisk befolkning (Thuen, 2008, s. 116; Andresen et al., 2011, s. 17). Resultatet av desse endringane var ei auka vitskapleg interesse for barnet tidleg på

1900-talet, ei interesse som førte til at 1900-talet av fleire har blitt kalla ”barnets århundre”, etter tittelen på ei bok av den svenske pedagogen og kvinnesaksforkjemparen Ellen Key.

Harald Thuen har delt barndommens historie frå mellomalderen til i 2000-talet inn i fem ulike diskursar: 1) *Det underdanige barnet* (førmoderne tid), 2) *Det formbare barnet* (modernitetens gjennombrøt), 3) *Det beskyttede barnet* (1870-1940), 4) *Det sårbare barnet* (1945-1975) og til slutt 5) *Det medvirkende barnet* (1975-2008) (Thuen, 2008).

Etterkrigstidas barnepsykologi, som Thuen refererer til som «det sårbare barnet», var særleg prega av at vitenskapen såg på barnet som noko skjørt og sårbart, der barnets psyke, oppvekstmiljøet og ikkje minst relasjonane til mor, blei vektlagt som viktige faktorar i oppveksten. Den britiske legen og psykoanalytikaren John Bowlby publiserte i 1951 rapporten *Maternal Care and Mental Health* om konsekvensane av institusjonaliseringa av britiske barn under andre verdskrigen. Rapporten, som var skriven på oppdrag for WHO, skulle bli skjelsetjande for synet på morsrolla i mange vestlege land dei følgjande tiåra. Bowlby fann nemleg at barn som blei skilde frå mora i tidleg alder, kunne få varige skadar på personlegdomsutviklinga (Thuen, 2008, s. 163-164). Som følge av dette fekk 1950- og 60-talets husmorideal vitenskapleg legitimering og far blei delvis sett på sidelinja i fleire tiår. Først ut på 1970-talet med aukande kamp for likestilling mellom kjønna blei dette synet for alvor utfordra.

Samstundes med at kvinnene i aukande grad gjekk ut i arbeidslivet, endra synet på barnet seg ved at barnepsykologien i større grad fann ut at barn generelt hadde mykje større kapasitetar enn det ein tidlegare hadde kome fram til, og ikkje minst at barn hadde større evne til å kompensera for tidlege utviklingsskader enn ein tidlegare hadde trudd (Sommer, 2003, s. 37). Barnas omgjevnader blei lagt meir merke til og utover på 1970-talet fekk barna auka medverknad på eige liv, både i familien og på skulen, noko som kjenneteiknar diskursen om «det medverkande barnet». Eit anna utviklingstrekk i den same perioden, er at det offentlege tok over mykje av initiativet i forvaltninga av barn (Myhre, 1994, s.141).

Med *Lov om grunnskulen av 1969* blei det innført obligatorisk 9-årig einskapsskule for alle, noko som innebar at alle elevar skulle følgja det same løpet, uavhengig av vidare yrkeskarriære. Barn måtte difor i aukande grad forholde seg til andre barn med ulik sosial bakgrunn, noko som også kan forklara den auka merksemnda på relasjonane barn imellom.

Den svenske idéhistorikaren Anna Larsson har gjennom fleire svenske studiar vist at relasjonar mellom barn sjeldan blei tematisert før på 1970-talet, då mobbeomgrepet kom på banen i svensk offentlegheit. Ho peikar på tre endringar som kan vera med på å forklara dette skiftet: endringar i skulen som følgje av innføringa av einskapsskulen, åtferdsvitskapens ekspansjon og då særleg framveksten av sosiologi som eige universitetsfag, samt endra syn på barnet (Larsson, 2010a, s. 260). Og kanskje er det nettopp i skjæringspunktet mellom diskursen om «det sårbare barnet» og diskursen om «det medverkande barnet» at vi finn vi årsakene til problematiseringa av mobbeåferda?

Dragkamp om mobbeomgrepet

Ein av dei første gongane mobbing blei omtalt i ei norsk avis, var i ei sak i VG i 1972 som handla om at ein gut hadde blitt piska med piggtråd av eldre gutar fordi han ikkje ville gi frå seg eit kronestykke (VG, 10.10.1972). Her blir mobbing omtalt som «barneterror» og problemet blir kopla til drabantbyane i Oslo. Dette er heilt i tråd med mobbediskursen som vaks fram i den svenske offentlegheita etter at Peter-Paul Heinemann lanserte omgrepet i artikkelen frå 1969. Denne tidlege mobbediskursen har den svenske sosiologen Ola Agevall kalla ein “lekmannsdiskurs” fordi han vaks fram i den offentlege debatten i kjølvatnet av artikkelserien i *Dagens Nyheter* i 1969. Artikkelserien skapte ein mediestorm vinteren 1970 som m.a. utløyste tallause artiklar, tv-program, skodespel og mange meiningar om mobbing som problem og fenomen. Agevall peikar på at gjennom denne debatten førte manglande definisjonar til at meir eller mindre alle typar samfunnsproblem kunne bli innlemma i det nye mobbeomgrepet og at mange ulike aktørar bidrog til innhald i omgrepet (Agevall, 2007, s. 13). I botnen for denne diskursen låg Heinemann si forklaring som bygde på aggresjonsteorien til Konrad Lorenz, men tilpassa svenske forhold og kopla på samtidige moderniserings- og urbaniseringsproblem, som store skular og anonyme bustadområde med for lite grøntareal. Peter-Paul Heinemann forklarte mobbing som ei alle mot ein-åtferd, der offeret gjerne skil seg ut frå mengda på ein eller annan måte. Då mobbeomgrepet kom til Noreg tidleg på 1970-talet, blei denne diskursen med på lasset (Boge, 2016, s. 72).

I 1969, same år som Heinemann lanserte mobbeomgrepet, disputerte psykologen Dan Olweus ved Umeå universitet med avhandlinga *Prediction of aggression*, der han forsøkte å berekna aggresjon i mellommenneskelege situasjonar på grunnlag av data frå ein eigenutvikla

prosjektiv test (Olweus, 1969). Dette arbeidet la grunnlaget for arbeidet med den vitenskaplege studien som blei publisert i boka *Hakkycklingar och översittare* (1973). I denne boka er det openbert at Olweus vil markera avstand til Heinemann sine teoriar, og i studien undersøkte han dei fleste av Heinemanns forklaringar om kva som forårsaka mobbing. Olweus fann ikkje noko i datamaterialet som støtta Heinemann sine etablerte forklaringar, snarare tvert om. Han fann ingen ting som støtta at mobbeofferer skilde seg ut på noko vis, og han fann ikkje at det var meir mobbing på store skular og i store klassar samanlikna med mindre forhold, for å nemna noko.

For å for å få mobbeomgrepet til å passa med dåtidas gjeldande aggresjonsteoriar og dei etablerte psykologiske teoriane og metodane Olweus allereie hadde parat, måtte han endra litt på Heinemanns definisjon av mobbeomgrepet. Agevall viser korleis Olweus på den eine sida *utvida* omgrepet til også å omfatta ein-til-ein-mobbing, altså individuell mobbing, og på den andre sida *innsnevra* omgrepet ved å definera mobbing som gjentatte negative handlingar over tid (Agevall, 2007b, s. 37-38). I følgje Olweus sjølv, skuldast den første endringa faren for å oversjå skolebøllens (mobbarens) aktive rolle av syne, noko som igjen heng saman med at Olweus som aggresjonsforskar var interessert i stabile aggressive reaksjonsmønster over tid (Olweus, 1974, s. 16). Innsnevringa av omgrepet heng saman med at Olweus forkasta aggresjonsteorien til Konrad Lorenz som låg til grunn for Heinemann si forståing av mobbing, der aggresjon forklart som noko spontant og instinktivt. Ordet mobbing understrekar det same, ettersom mobbing er avleidd frå det engelske ordet «mob» som betyr ei tilfeldig samanstimling av menneske. Ved å innføra gjentakning over tid som eit viktig kriterium for at noko kan bli kalla mobbing, markerte Olweus ikkje berre avstand til Heinemann, men han bana også vegen for å forklara mobbing ut frå individuelle personlegdomsaspekt snarare enn ut frå samfunnsmessige aspekt, slik Heinemann hadde gjort.

Med det «nye» mobbeomgrepet etablerte det seg altså ein diskurs der mobbing ikkje lenger blei sett på som eit gruppefenomen, og der mobbeåtferda må gjentakast over tid for å falla inn under definisjonen. I samtida var det fleire som reagerte krast på denne subtile endringa. Særleg var den norske kriminologen Ragnar Hauge (Hauge, 1975, s. 197) og den svenske mobbeforskaren Anatol Pikas på kvar sin kant opprørte over at Olweus hadde inkluderte ein til ein-handlingar i mobbeomgrepet: "Bare i et ureflektert språk kan man høre at "individ A mobber individ B". Skulle man akseptere en slik språkbruk, kunne ordet "mobbing" like

gjærne erstattes av “aggresjon”, “trakasseri”, “slagsmål”, “konflikt” osv.”, uttalte Pikas (Pikas, 1975, s. 13).

Desse reaksjonane meiner eg speglar at Olweus på sett og vis var litt i utakt med resten av samfunnet då han gav ut *Hakkekyllinger og skolebøller* (Boge, 2016, s. 46). På 1970-talet var både samfunnsmessige og vitskaplege forklaringsmodellar i stor grad påverka av sosiologiske teoriar. Dermed passa ikkje Olweus sine individforklaringar heilt inn, noko som skulle endra seg frå 1980-talet, då både politikken og pedagogikken tok ein meir konservativ retning. Utover på 1970-talet blei mobbing i kvardagsspråket både brukt om ei individuell åtferd og om gruppeåtferd, noko som er spesielt synleg i lesarinnlegg i aviser og tidsskrift frå denne tida (Boge, 2016, s. 80). Seinare skulle også Olweus moderera omgrepet til å gjelda både individet og gruppa (Olweus og Roland, 1983, s. 3).

Det problematiske skulemiljøet på 1970-talet

Etter at bøkene til Peter-Paul Heinemann og Dan Olweus blei omsette til norsk på midten av 1970-talet, auka merksemda rundt mobbing sakte, men sikkert utover på 1970-talet. Dette er særleg tydeleg i omtalen av mobbing i norske aviser og pedagogiske tidsskrift eg har undersøkt i denne perioden (Boge, 2016, s. 50). I dei første artiklane om mobbing i 1973/74 blei mobbing framstilt som eit potensielt problem som enno ikkje hadde slått ut for fullt i Noreg. Samstundes var det eit lite håp om at ein ved å læra av Sverige kunne hindra at omfanget av problemet blei så stort som det var der.

I andre halvdel av 1970-talet blei mobbing i aukande grad kopla på ein politisert normdebatt om skulemiljøet i Noreg. Aviser og skuletidsskrift meldte jamleg at vald, uro og mobbing var daglegdags for mange norske skuleelevar på denne tida, noko som dessutan førte til vanskelege og dels farleg arbeidsmiljø for lærarane. 1970-talet var på mange måtar ei brytningstid der store samfunnsmessige og sosiale endringar førte til uro hos mange (Boge, 2016, kap. 4).

Tiåret hadde starta med kvinnekamp og radikale opprør på mange frontar. Urbaniseringa og sentraliseringa som hadde prega landet i etterkrigstida, kulminerte midt på 1970-talet. Ettersom det var tettstadene og særleg dei industrialiserte tettstadene som vaks i denne perioden, skjedde det ei kraftig byspreiing ved at mange av desse tettstadene fekk klåre

urbane trekk, og sleit med dei same sosiale problema som dei større byane strevde med. Mykje av litteraturen som blei gitt ut på denne tida speglar denne uroa, noko vi mellom anna ser i boka *Er du på vår side!* av ekteparet Magne og Tora Raundalen. Avslutningsvis i boka oppsummerer dei denne uroa for alle endringane i seks punkt:

Sammenlignet med tidligere generasjoner kan vi si at vår tids barn har opplevd sosiale eksperimenter av ukjent størrelse og konsekvens:

1. Barna idag er den første generasjon uten besteforeldre.
2. For første gang er barna uten far som en arbeidende modell.
3. Barna lever mer og mer i nesten barnløse familier.
4. De er den første generasjon uten arbeid.
5. Barneomsorgen er for første gang i hovedsak overlatt til en eneste ressurs, nemlig den hjemmearbeidende mor.
6. For å fylle tomrommene har menneskene funnet opp et nytt familiemedlem, fjernsynet. (Raundalen og Raundalen, 1979, s. 219).

Fellesnemnaren for bøkene, avis- og tidsskriftartiklane som omhandlar dette såkalla moralske forfallet, er at alle var enige om at ting var betre før (Boge, 2016, kap. 4). Samfunnet hadde blitt hardare, elevane i skulen mangla folkeskikk og høflegheit, elevane mobba kvarandre og det var blitt farlegare å vera lærar. Den underliggjande grunnforteljninga handla om at i det gamle bondesamfunnet tok folk seg av kvarandre og den sosiale kontrollen hindra at nokon fall utanfor, noko som mangla i dei nye urbaniserte områda (Boge, 2016, s. 97-98). Mobbing blei framstilt som eitt av fleire symptom på denne samfunnsutviklinga, heilt i tråd med den svenske mobbediskursen slik han hadde etablert seg i den svenske offentlegheita ti år tidlegare.

Den norske skulen hadde vore gjennom store omveltingar etter innføringa av 9-årig grunnskule i 1969. Ettersom Arbeiderpartiet hadde dominert dei fleste regjeringane i denne perioden, blei uroa utnytta av konservative politikarar. I valåret 1977 var ei av hovudslagorda for Høgre «Ro i skolen» og partiet argumenterte med at for å få dette til måtte kunnskapen igjen stå i sentrum (Monsen og Ålvik, 1983, s. 225). 1970-talets skulereformar, m.a. Mønsterplanen av 1974, hadde gitt lærarane stor valfridom i kva fagstoff det skulle undervisast i, noko Høgre ville reversera. Dette var dessutan del av ei større internasjonal konservativ rørsle, som var i opposisjon til den radikale reformpedagogikken som hadde dominert skulefeltet brorparten av tiåret, og som mellom anna hevda at den radikale reformpedagogikken hadde ført til nivåsenking og disiplinproblem i skulen (Telhaug, 1980, s.338-339).

I 1981 gav Alfred Oftedal Telhaug og Svein Egil Vestre ut boka *Normkrise og oppdragelse*, som inneheldt artiklar skrivne av lærarar, pedagogar og psykologar. Fellesnemnaren er drøftinga av kvifor landa hadde hamna i ei normkrise og kva denne krisa innebar. Ein av bidragsytarane til boka var Dan Olweus. I artikkelen ser vi at tilnærminga hans til mobbeproblematikken var blitt noko oppmjuka med åra, i den forstand at han ikkje lenger utelukkande forklarte aggresjon ut frå individuelle personlegdomstrekk. Basert på svenske data, forklarar han mellom anna auken i aggressive barn frå 1960-talet og fram til tidleg på 1980-talet med samfunnsmessige endringar. Svenske mødrer var tidlegare arbeidande samanlikna med deira norske søstrer, og Olweus meiner auken i barn som på dagtid blei tatt hand om av sekundære omsorgspersonar, som barnehage eller dagmamma, er ein av forklaringane, ettersom det då blir mindre korreksjon av aggressiv åtferd (Olweus, 1981, s. 71-72).

I løpet av 1970-talet blei mobbing for alvor etablert som ein av fleire viktige faktorar innan problemfeltet som handla om skulemiljøet. Dette var ikkje berre noko som blei diskutert i aviser og tidsskrift. Heile tre offentlege utgreiingar relatert til oppvekst- og skulemiljøet blei avlevert til regjeringa i perioden 1977-1981, der mobbing blei peika på som ei av fleire sentrale utfordringar i samtida (NOU 1977:6, NOU 1978: 1, NOU1981: 37). Det at problemfeltet var så grundig etablert, meiner eg var ein av fleire avgjerande faktorar for den politiske handlekrafta som skulle oppstå tidleg på 1980-talet.

Mobbing på den politiske agendaen – nasjonal kampanje mot mobbing i 1983

I romjula 1982 vakna lesarane av avisa *Tromsø* opp til overskrifta «Mobbing i skolen bak tragedier i Tromsø: 3 barn begikk selvmord» (Tromsø 28.12.1982). Trass i at kombinasjonen av mobbing og sjølvord ikkje var heilt ukjent i Noreg på denne tida, markerte denne avisartikkelen starten på ein mediestorm som skulle bli avgjerande for mobbeforskingas utvikling. Bakgrunnen for saka var at tre tromsøgutar i 10-12 årsalderen hadde tatt sitt eige liv, der mobbing blei oppgitt å vera den utløysande årsaka. Den unge alderen kombinert med at det var heile tre gutar frå ein relativ liten by, gjorde at saka raskt blei plukka opp av dei store regions- og riksavisene. I kjølvatnet av Tromsø-sakene kom det fram at også i Oslo hadde skuleelevar tatt sitt eige liv av same grunn (Aftenposten, 29.12.1982, Dagbladet, 30.12.1982).

I Tromsø blei det allereie på nyåret 1983 sett ned ei kommunal arbeidsgruppe som skulle betra kommunikasjonen mellom ulike offentlege instansar for å hindra at noko liknande kunne oppstå i framtida (Nordlys, 30.12.1982, *Tromsø*, 30.12.1982). Ein dryg månad seinare blei problematikken heva opp på regjeringsnivå då dåverande kyrkje- og undervisningsminister Tore Austad frå Høgre inviterte til eit rådgivingsmøte om mobbing i departementet. Resultatet av møtet var at det blei sett ned ei handlingsgruppe under Kyrkje- og undervisningsdepartementet (KUD) som skulle utarbeida ein nasjonal handlingsplan i to delar: ei landsdekkjande undersøking som alle landets grunnskuleelevar skulle svara på, og ein nasjonal kampanje mot mobbing for alle skulane i landet (Norsk skoleblad nr. 9, 1983, s. 48). I denne gruppa sat mellom andre Dan Olweus og Erling Roland, forskar ved Stavanger Lærarhøgskole, som hadde gitt ut boka *Strategi mot mobbing* samstundes med at sjølv mordssakene eksploderte i media (Roland, 1983).

Denne arbeidsgruppa er interessant av fleire grunnar. For det første låg arbeidsgruppa under den politiske leiinga ved departementet, og ikkje under Grunnskolerådet (departementets eige rådigvande organ i skulespørsmål), som normalt hadde ansvar for slike tiltak (Roland, 1989a, s. 152). Høgre-regjeringa var framleis relativt fersk og ettersom partiet hadde hatt skulepolitikk som ei av kjernesakene i dei to føregåande valkampane, var dette ei sak dei ville ha kontroll på for å kunna visa handlekraft i ei vanskeleg sak (Boge, 2016, s. 135-136).

For det andre er denne arbeidsgruppa særleg interessant frå eit vitskapshistorisk perspektiv, ettersom Dan Olweus gjennom denne arbeidsgruppa fekk det vitskaplege ansvaret for å gjennomføra ei landsdekkjande undersøking for å avdekkja omfanget av mobbing i Noreg. Dette blei gjort ved at det blei sendt ut eit spørjeskjema til alle landets grunnskuleelevar.

Olweus hadde i fleire år forska på utforminga av slike sjølvrapporteringskjema for å undersøkjia mobbing og aggresjon, og våren 1983 hadde han dessutan starta opp ein detaljert studie av mobbing ved 28 barneskular og 14 ungdomsskular i Bergen. Denne såkalla Bergensstudien omfatta rundt 3000 elevar, 1200 foreldre og fleire hundre lærarar og skuleleiarar (Manger og Olweus, 1985, s. 20). Det same spørjeskjemaet blei nytta både i den lokale studien i Bergen og i den nasjonale undersøkinga som KUD-arbeidsgruppa var ansvarleg for. Første undersøking i Bergen var altså våren 1983, hausten 1983 blei den nasjonale undersøkinga gjennomført, og våren 1984 og 1985 blei det igjen gjennomført to

lokale studiar i Bergen på dei same skulane (Manger og Olweus, 1985 s. 20). Som eit viktig supplement, fekk lærarane ved skulane i Bergen som deltok i forskingsprosjektet, litt ekstra oppfølging. I januar 1985 fekk desse bergenslærarane munnlege tilbakemeldingar frå prosjektleiinga om resultatane frå undersøkingane på eigen skule, samt repetisjon av tiltaka mot mobbing (Manger og Olweus, 1985 s. 20). Resultatet av både Bergensstudien og den nasjonale studien var eit stort og avgjerande datamateriale som på mange måtar dannar ryggraden i Olweus si vidare mobbeforskning, og ikkje minst grunnlaget for utviklinga av *Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial atferd*. I tillegg fekk Olweus prøvd ut eit spørjeskjema han seinare vidareutvikla til *Olweus Bullying Questionnaire*, som i dag er eit registrert varemerke og eit av dei mest brukte skjema på verdsbasis for å avdekkja mobbing (Jacobson, 2013, s. 11, Smith, 2014, s. 43).

Ved å nytta det same spørjeskjemaet i alle desse undersøkingane kunne Olweus måla effekten av den nasjonale kampanjen mot mobbing. Til stor pressedekning blei «Aksjon mot mobbing» lansert 1. oktober 1983 av den ferske kyrkje- og undervisningsministeren Kjell Magne Bondevik frå KrF, som hadde gått inn i regjering med Høgre sommaren 1983. Departementet hadde fått utvikla ein «mobbepakke» til kampanjen, som mellom anna inneheldt eit lærarhefte, *Mobbing – bakgrunn og tiltak*, skriven av Dan Olweus og Erling Roland. I tillegg blei det laga ein foreldrebrosjyre som klargjorde kva aksjonsgruppa la i mobbeomgrepet og som gav foreldra råd mot mobbing. Til slutt var det laga ein videofilm, *Mobbing. Scener fra barns hverdag*, som skulle danne grunnlag for diskusjonar til bruk på foreldremøte, lærarmøte og i klassen (Norsk skoleblad nr. 36, s. 4; Olweus og Roland, 1983, s. 19).

Men der den nasjonale undersøkinga var understøtta av tydeleg informasjon frå departementet i ulike rundskriv og pressemeldingar, verka sjølve kampanjen å vera underkommunisert ovanfor skulane og i tillegg verka det å ha vore uklare ansvarlinjer for gjennomføringa (Bøge, 2016, s. 148). Tala som kom ut av undersøkinga, skulle derimot visa seg å vera alt anna enn uklare. Rett før jul i 1984 blei tala frå den nasjonale undersøkinga offentleggjort og dei sjokkerte: Over 80 000 elevar, drygt 15 % av elevmassen, viste seg å vera innblanda i mobbing, anten som offer eller som mobbar. Mellom 25 000 og 30 000 av desse blei sjølv plaga eller plaga andre ein gong i veka eller oftare (Pressemelding 120-84 KUD). Tala viste dessutan at mobbing var minst like vanleg i små, fådelte skular på landsbygda, som i store byskular, og at det var meir mobbing blant gutar enn blant jenter. Funna samsvarer med tal frå

ei undersøking Olweus hadde gjennomført i Sverige, berre at dei svenske tala var noko høgare (Olweus, 1986, s. 21-22). I 1988 var Olweus ferdig med å undersøkje effektane av den nasjonale kampanjen og den ekstra oppfølginga dei deltakande skulane i Bergensstudien hadde fått. Resultata forbløffa alle. Talet på elevar som var innblanda i mobbing, anten som mobbar eller offer, var blitt redusert med 50 %. I tillegg hadde Olweus målt ein reduksjon i det han kalla «generell asosial åtferd», som hærverk, tjuveri og skulking (Olweus, 1991, s. 438).

Erling Roland hadde fått i oppdrag frå departementet å måla effektane av 1983-kampanjen på skular i Rogaland. Desse skulane fekk ikkje noko ekstra oppfølging slik bergensskulane som deltok i Olweus sitt forskingsprosjekt fekk. Roland samanlikna tala frå den landsdekkjande undersøkinga i september 1983 med tala frå ei ny undersøking som blei gjennomført oktober 1986, der det same spørjeskjemaet blei brukt. I motsetnad til i Bergen, fann Roland at talet på elevar som mobba hadde *auka* i perioden, og aller mest ved skular som ikkje hadde følgd opp kampanjen på noko vis (Roland, 1989a, s. 169-170). Og nettopp dette var ein lærdom både Olweus og Roland tok med seg vidare i forskingsarbeidet sitt.

Arbeidet med den nasjonale kampanjen i 1983 viser korleis politikarane og forskarane utnytta ei gjensidig avhengigheit som oppstod i det sjølv mordssakene i Tromsø eksploderte i media og krisa var eit faktum. Samarbeidet resulterte i at Høgre-regjeringa framstod som handlekraftig innan eit område dei i lang tid hadde investert mykje krefter på, og Olweus og Roland fekk prøvd ut teknovitskapen sin i praksis på alle landets grunnskular.

Konsolideringa av eit forskingsfelt

Dei første dagane i august i 1987, samlast rundt 40 deltakarar frå 12 ulike europeiske land i Stavanger til det som mest sannsynleg var den første internasjonale mobbforskingskonferansen. Resultatet av konferansen var antologien *Bullying. An international perspective*, redigert av Erling Roland og Elaine Munthe ved Stavanger lærerhøgskole. Blant bidragsytarane finn vi mange av dei som seinare skulle bli leiande mobbeforskarar internasjonalt, mellom anna den britiske psykologen Peter K. Smith og den irske psykologen Mona O'Moore, som begge var svært sentrale for framveksten av høvesvis britisk og irsk mobbeforsking (Smith, 1999; Byrne, 1999). På konferansen presenterte Roland

den skandinaviske forskinga på feltet, som på dette tidspunktet stort sett utelukkande var basert på Olweus si forskning.

I Europa var det på denne tida svært få som hadde forska på mobbing, noko som førte til at deltakarane reiste heim med Olweus sin definisjon og metode for å undersøkje mobbing. Året før, i 1986, hadde Olweus hatt klar den første versjonen av *Olweus Bullying Questionnaire*, som på det tidspunktet inneheld ein definisjon av mobbing og 39 spørsmål om mobbing og trivsel i skulen (Solberg & Olweus, 2003, s. 242). Skjemaet var utvikla på bakgrunn av over ti års forskning på metoden, samt utprøving i storskala under KUD-kampanjen mot mobbing i 1983 og i Bergensstudien. Det at mange av dei europeiske forskarane tok med seg Olweus-skjemaet for å undersøkje mobbing i sine respektive heimland hadde klare fordelar med tanke på å samanlikna førekomsten av mobbing i dei ulike landa og særleg opp mot dei skandinaviske studiane til Olweus. Samstundes blei Olweus si forståing og perspektiv på mobbeproblematikken spreidd ut i Europa (Boge, 2016, s. 177-180).

Som ein direkte konsekvens av den nasjonale kampanjen i 1983 utvikla både Dan Olweus og Erling Roland kvart sitt tiltaksprogram mot mobbing. *Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial atferd* er basert på tiltakspakken i den nasjonale kampanjen i 1983, men vidareutvikla og revidert fleire gongar seinare. Første delen av programmet handlar om å få oversikt over mobbeproblematikken ved deltakarskulen ved å la elevane svara anonymt på *Olweus Bullying Questionnaire*. For å kontrollera utviklinga ved skulen, bør denne undersøkinga gjentakast med jamne mellomrom. Tiltaksdelen av programmet finn vi att i Dan Olweus si mestselgjande bok *Mobbing i skolen. Hva vi vet og hva vi kan gjøre* (1992), ei bok som stadig blir trykt opp i nye opplag og er omsett til 25 språk (Olweus Bullying Prevention Program, Clemson University). På 1990-talet starta Olweus eit samarbeid med den amerikanske psykologen Susan P. Limber, i dag professor ved Clemson University i Sør-Carolina. Saman tilpassa dei tiltaksprogrammet for amerikansk skule. Utover på 1990 og særleg 2000-talet dreiv Olweus og forskingsgruppa hans mykje med evalueringsforskning på effektane av Olweusprogrammet. Etersom Bergensstudien frå midten av 1980-talet hadde vist over 50 % reduksjon, var det stor interesse for Olweusprogrammet, forskinga og evalueringa av programmet. Gjennom ein lang forskarkarriere har Olweus publisert over hundre vitenskaplege artiklar og er i dag den mest siterte skandinaviske forskaren innan psykologi og pedagogikk (Olweus Bullying Prevention Program, Clemson University).

I ein gjennomgang av Olweus sine publiserte artiklar frå 1990-talet, fann eg at mange av desse artiklane følgjer eit bestemt mønster som underbyggjer og konsoliderer Olweus sitt vitenskaplege prosjekt: Først kjem ein presentasjon av mobbeproblematikken, deretter ei oversikt over Olweus si forskning og til slutt suksesshistoria om Olweusprogrammet, som altså førte til 50 % reduksjon av mobbing ved 42 bergensskular (Olweus, 1990). Undersøkingane, datagrunnlaget, vinklinga og metodane varierer frå artikkel til artikkel, men den overordna forteljninga ligg fast i over 20 artiklar frå dette tidsrommet. Saman med omfattande deltaking på konferansar i inn- og utland, var dette med å spreia Olweus sitt perspektiv på mobbing ut i verda (Boge, 2016, s. 187-188). Dette perspektivet har i følgje dei svenske forskarane bak forskningsoversikten frå 2002, vore så dominerande innan feltet at dei har kalla Olweus si forskning for paradigmatisk:

Olweus forskningsinsatser utgör ett mönsterexempel som styr forskningen i fråga om vad som är problem och hur dessa löses. Detta paradigm talar om vad mobbning är (ontologi), den anvisar vägen till giltig kunskap (epistemologi) och lämpliga tillvägagångssätt för datainsamling (metod). (Eriksson mfl., 2002, s. 98)

Men trass i verdas første nasjonale kampanje mot mobbing og omfattande forskning på feltet, var mobbeproblematikken på ingen måte løyst.

Arven etter Olweus: Mobbeforskning som teknovitskap

Vinteren 1995 skulle Noreg igjen oppleve ein mediestorm som handla om mobbing og vald i skulen. Ved Skedsmovollen ungdomskole blei ein 15-åring knivstukke av ein medelev som følgje av langvarig mobbing (VG, 10.01.95). Hendinga opna ein politisk debatt starta av Olweus, som foreslo ei lov mot mobbing (Aftenposten, 11.01.95). I første omgang førte debatten til at mobbing indirekte blei inkludert i *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) av 17. juli 1998*, men etter ein ny politisk dragkamp blei endeleg mobbing inkludert i Opplæringslova 20. desember 2002, i § 9a-3. *Det psykososiale miljøet*.

Ein annan konsekvens av mediestormen rundt mobbeproblematikken på midten av 1990-talet, var ein ny nasjonal aksjonsplan mot mobbing. Ansvar for å utvikla denne aksjonen, gjekk til Erling Roland og Senter for atferdsforskning (SAF) ved dåverande Stavanger Lærarhøgskole.

Basert på eiga forskning i over ti år og erfaringane frå å vera med i handlingsgruppa for den nasjonale KUD-kampanjen i 1983, hadde Roland utvikla ein eigen strategi mot mobbing. Vi hugsar også at Roland fekk ansvar for ein oppfølgingsstudie av KUD-kampanjen i Rogaland på andre halvdel av 1980-talet. Til forskjell frå Olweusprogrammet, er Roland sitt tiltaksprogram fundamentert på det han kallar ein «systemorientert strategi» (Roland, 1989b, s. 147). Her ligg fokuset på læraren og lærarens rolle i klassen, ettersom ein lærar med stor tillit blant elevane har naturleg autoritet og stor påverknadskraft. I tillegg handla programmet om å skapa gode relasjonar mellom lærar og kvar enkelt elev, samt gode relasjonar i lærarkollegiet og til foreldra (Roland og Vaaland, 1996, s. 19-20).

I 2002 lanserte dåverande statsminister Kjell Magne Bondevik det første av fleire *Manifest mot mobbing*. Manifestet forplikta alle partnarane – regjeringa, barneombodet, Kommunenes Sentralforbund, Utdanningsforbundet, samt Foreldreutvalget for grunnskolen – å jobba aktivt mot mobbing i skulen (Bondevik, 2002). Målet var nullforekomst av mobbing innan to år. Utgangspunktet for dette initiativet mot mobbing, var at barneombodet rundt årtusenskiftet hadde fått eit aukande tal bekymra førespurnader om mobbing frå barn, unge, skulefolk og lokalpolitikarar. Som følge av dette, utfordra barneombod Trond Waage kyrkje-, utdannings- og forskingsminister Kristin Clemet til å «målsette en «null-forekomst» av mobbing i norske skoler innen tre år» (VG, 13.12.2001). I tillegg til å skriva under på manifestet, inviterte Utdanningsdirektoratet fagfolk til å utarbeida ei felles forståing for mobbeopproblematikken. To av medlemmene var Dan Olweus og Erling Roland.

Igjen ser vi at Olweus og Roland blei invitert med i utviklingsarbeid når politikarane hadde behov for påfyll av fagleg kompetanse, noko som på ingen måte er uvanleg. Men det at mobbeforskingmiljøet i Noreg var så lite, førte til at deira kunnskapsforståing regelmessig blei stadfesta via politisk handling, noko som igjen førte til at dette bestemte perspektivet blei spreidd ut i skulen og i samfunnet for øvrig. Ein annan milepæl i utviklinga av tiltaksprogramma var at alle landets barne- og ungdomsskular hausten 2001 fekk tilbod om å ta i bruk Olweusprogrammet mot betaling (Aftenposten, 15.08.2001). Våren 2003 blei dette tilbodet utvida, då Senter for atferdsforskning fekk i oppdrag å revitalisera mobbeprogrammet frå 1996, utvikla av Erling Roland. Dette programmet blei frå 2003 kalla *ZERO*, oppkalla etter nullvisjonen i det første mobbemanifestet (Pressemelding, Utdannings- og forskingsdepartementet, 2003). I følgje ein aktivitetsrapport frå hausten 2003, ville 381 skular

ta i bruk Olweusprogrammet i perioden 2002-2004, og 184 skular ville delta i programmet ZERO i skuleåret 2003/2004 (Aktivitetsrapport, 2003).

På same måte som under den nasjonale kampanjen mot mobbing på 1980-talet, ser vi her korleis det tettvevde samarbeidet mellom politikarane, forskarane og tiltaksprogramma utspelar seg. I Noreg har mobbeforskinga vore prega av dette samarbeidet sidan 1980-talet og heilt fram til i dag og resultatet er at mobbeforskinga, slik det har utvikla seg under Dan Olweus og seinare Erling Roland, kan sjåast på som ei form for teknovitskap. Mobbeforsking handlar ikkje berre om å vita kva som forårsakar mobbing, det handlar vel så mykje om tiltak for å avgrensa mobbing og evalueringsforsking for å måla effektane av tiltaka.

Evalueringsforskinga er naturlegvis viktig for å få kunnskap om effektane av programma, og særleg er det viktig om ein vil nå opp i eksterne evalueringar av programeffektivitet.

Olweusprogrammet har mellom anna fått svært gode vurderingar i slike undersøkingar, både i det amerikanske *Blueprints for Violence Protection* (Olweus, Limber & Mihalic, 1999) men også i den norske rapporten *Felles fokus – en studie av skolemiljøprogrammer i norsk skole* (Eriksen, Hegna, Bakken & Lyng, 2014).

Ei komplisert bakside av teknovitskapleg forskning er derimot at dei samanvevde interessene mellom dei ulike partane kan vera så tette at det er vanskeleg å skilja dei frå kvarandre. Ofte er det dei same personane som både forskar på problemet, utviklar tiltaksprogram med statleg stønad og gir råd til politikarane, som i neste omgang oppmodar skulane om å ta i bruk desse tiltaksprogramma mot betaling. I tillegg utfører dei same forskingsmiljøa evalueringsforsking som vurderer effekten av programma dei har utvikla. Dette treng ikkje vera problematisk, men auka refleksjon rundt denne komplekse veven vil koma forskingsfeltet til gode ved at det vil framstå som meir ope og transparent.

Samanlikna med våre naboar i aust og sør, har norsk mobbeforsking i mykje større grad vore prega av to sterke profilar, Olweus og Roland og deira faglege perspektiv som er forankra innan psykologien og pedagogikken. I Sverige og Danmark har det det siste tiåret blitt gjennomført fleire ulike mobbestudiar med utgangspunkt i heilt andre fag, som t.d. sosiologi, filosofi og jus, for å nemna nokon (Boge 2016, kap. 8). Debatten i nabolanda våre er meir kritisk til det etablerte perspektivet innan feltet, noko som har tilført feltet fleire perspektiv som kanskje vil gi fruktbare resultat på sikt.

Avslutning

Vitskap eksisterer ikkje i eit vakuum, men er eit resultat av samtida som formar han. Mobbeåtferda blei tematisert og problematisert i ei tid då relasjonane mellom barn blei synlege for dei vaksne på ein ny måte. I den tidlege fasen på 1970-talet utvikla forskingsfeltet seg i ei brytingstid då skulemiljøet var i søkjelyset og der mobbing blei sett på som ein del av eit større problem. Men det avgjerande punktet for mobbeforskingas utvikling var gjennomføringa av den nasjonale kampanjen mot mobbing hausten 1983. Her fekk Dan Olweus ein gyllen sjanse til å samla inn data om mobbing frå alle landets grunnskular, noko som gav han eit enormt empirisk forsprang. Funn frå grundige studiar blei spreidd ut i verda og eit nytt internasjonalt forskingsfelt blei forma etter mønster frå Olweus sine studiar i Noreg. I tillegg utvikla norsk mobbeforsking seg til å bli ein særeigen måte å vita på, kjenneteikna av både forskning på mobbing, utvikling av tiltak og forskning på effektane. Sentralt i denne utviklinga var ein vekslerknad som både forskarane og politikarane drog nytte av, ettersom forskarane fekk prøvd ut forskinga og tiltaka i skulen, medan politikarane fekk vist handlekraft i ei vanskeleg sak. Auka refleksjon rundt desse tette relasjonane og fleire ulike perspektiv på mobbeproblematikken vil kanskje føra mobbeforskinga i andre retningar i tida som kjem. Djupedal-utvalets utgreiing *Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt miljø* (NOU 2015:2) peikar på at utvida kunnskap om mobbing er viktig og ikkje minst nødvendig.

Litteraturliste:

Aktivitetsrapport, Manifest mot mobbing, 10.04.2003:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/manifest-mot-mobbing---aktivitetsrapport/id106012/?q=manifest%20mot%20mobbing%202002>
(lasta ned 20.01.19).

Agevall, Ola. (2007a). Mobbning, interaction och meningsproduktion. Lokala kulturer, individuella trakasserier och kategoriell uteslutning. I Carleheden, M., Lidskog, R. og Roman, C. *Social interaction – förutsättningar och former* (164-188). Malmö: Liber.

Agevall, Ola. (2007b). *The Career of Mobbing: Emergence, Transformation, and Utilisation of a New Concept*. Rapport nr. 29, 2008. Växjö universitet.

Andresen, A., Garðarsdóttir, Ó., Janfelt, M., Lindgren, C., Markkola, P. & Söderlind, I. (2011). *Barnen och välfärdspolitiken. Nordiska barndomar 1900-2000*. Stockholm: Dialogos Förlag.

Boge, Cecilie. (2016). *Frå individuell aggresjon til sosiale prosessar. Mobbeforskingas etablering og utvikling i skjeringspunktet mellom vitskap og politikk* (Doktoravhandling). Universitetet i Bergen, Bergen.

Boge, Cecilie & Larsson, Anna. (2018). Understanding Pupil Violence. Bullying Theory as Technoscience in Sweden and Norway. *Nordic Journal of Educational History*, 5 (2), 131-149.

Bondevik, Kjell Magne, 2002, tale ved åpning av konferanse mot mobbing, https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/konferanse_mot_mobbing/id266361/

Byrne, Brendan. (1999). Ireland. In Smith, Morita, Junger-Tas, Olweus, Catalano & Slee (eds.). *The Nature of School Bullying. A Cross-National Perspective*. London: Routledge.

Cunningham, Hugh. (1996). *Barn og barndom fra middelalder til moderne tid*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Eriksen, Ingunn Marie; Hegna, Kristin; Bakken, Anders og Lyng, Selma Therese. (2014). *Felles fokus. En studie av skolemiljøprogrammer i norsk skole*. Rapport nr. 14/15. Oslo: Velferdsforskningsinstituttet NOVA.

Eriksson, Björn; Lindberg, Odd; Flygare, Erik og Daneback, Kristian (2002). *Skolan – en arena för mobbning – en forskningsöversikt och diskussion kring mobbning i skolan*. Stockholm: Skolverket.

Hackett, E. J., Lynch, M. E., Amsterdamska, O., Lynch, M. & Wajcman, J. (Eds.). (2008). *The handbook of science and technology studies*. Cambridge, MA: MIT Press.

Hauge, Ragnar. (1975). "Skolebøllen" – en realitet eller myte? *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, hefte 6, 194-208.

Heinemann, Peter-Paul. (1969). Apartheid. *Liberal Debatt*, 22 (2), 3-14.

Jacobson, Ronald B. (2013). *Rethinking School Bullying: Dominance, Identity and School Culture*. New York: Routledge.

Kofoed, Jette og Søndergaard, Dorte Marie (Red.). (2009). *Mobning – sociale processer på afveje*. København: Hans Reitzels Forlag.

Kofoed, Jette og Søndergaard, Dorte Marie (Red.) (2013). *Mobning gentænkt*. København: Hans Reitzels Forlag.

Koops, Willem. (2012). A discussion on bullying and cyberbullying: An introduction by the

- Editor. *European Journal of Developmental Psychology*, 9 (5), 517-519.
- Larsson, Anna. (2008a). Mobbing: Ett socialt problem i tiden. I Pipping, G. C. *Texter till Thomas. Festskrift till Thomas Kihlberg april 2008* (94-109). Stockholm: SULF.
- Larsson, Anna. (2008b). Mobbningsbegreppets uppkomst och förhistoria. En begreppshistorisk analys. *Pedagogisk Forskning i Sverige* 13 (1), 19-36.
- Larsson, Anna. (2010a). Mobbningsfrågan i förändring. Efterkrigstidens synsätt på skolbarns kamratrelationer. *Historisk Tidskrift* 130 (2), 241-264.
- Larsson, Anna. (2010b). Mobbing: ett tidsbundet socialt problem? *Socialvetenskaplig tidskrift* 17 (2), 137-151.
- Larsson, Anna. (2012). The discovery of the social life of Swedish Schoolchildren. *Paedagogica Historica* 48 (1), 121-135.
- Lorenz, Konrad. (1967). *Aggression: Dess bakgrund och natur*. Stockholm: Norstedt.
- Lorenz, Konrad. (2002). *On aggression*. London: Routledge.
- Manger, Terje og Olweus, Dan. (1985). Tilbakemelding til skulane. *Norsk skoleblad* nr. 35, 1983, 20-22.
- Monsen, Lars og Ålvik, Trond. (1983). Mer uro i skolen. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, hefte 6, 225-226.
- Myhre, Jan Eivind. (1994). *Barndom i storbyen. Oppvekst i Oslo i velferdsstatens epoke*. Oslo: Universitetsforlaget.
- NOU 1977: 6. (1977). *Ein samla offentleg politikk for oppvekstmiljøet*. Tiltråding levert til statsministeren.
- NOU 1978: 1. (1978). *Utredning om lov om oppvekstmiljø. En samlet offentlig politikk for oppvekstmiljøet*. Avgitt til statsministeren.
- NOU 1981: 37 (1981). *Om skolemiljøet*. Avgitt til Kirke- og undervisningsdepartementet.
- NOU 2015: 2. (2015). *Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt miljø*. Avgitt til Kunnskapsdepartementet.
- Olweus Bullying Prevention Program, Clemson University, <http://olweus.sites.clemson.edu/history.php> (lasta ned 20.01.19).
- Olweus, Dan. (1969). *Prediction of aggression (On the basis of a projective test)*. Stockholm: Scandinavian Test Corporation.
- Olweus, Dan. (1972). Personality and aggression. In Cole, J. K., & Jensen, D. D. *Nebraska Symposium on Motivation, 1972*. Lincoln, Neb.: University of Nebraska Press.

- Olweus, Dan. (1973). *Hackkycklingar och översittare: Forskning om skolmobbing*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Olweus, Dan. (1974). *Hakkekyllinger og skolebøller: Forskning om skolemobbing*. Oslo: Cappelen.
- Olweus, Dan. (1981). Vad skapar aggressive barn? I Telhaug, A. O. og Vestre, S. E. (red.). *Normkrise og oppdragelse. Artikler om holdningsdannelse og normoverføring i hjem, skole og samfunn*. Oslo: Didakta Norsk Forlag AS.
- Olweus, Dan. (1986). *Mobbing. Vad vi vet och vad vi kan göra*. Stockholm: Utbildningsforlaget.
- Olweus, Dan. (1990). Bullying among schoolchildren. In Hurrelmann, K. and Lösel, F. (eds.). *Health Hazards in Adolescence*. Berlin: De Gruyter.
- Olweus, Dan. (1991). Bully/Victim Problems Among Schoolchildren: Basic Facts and Effects of a School Based Intervention Program. In Pepler, D. J. and Rubin, K. H. (eds.). *The Development and Treatment of Childhood Aggression*. Hillsdale, N.J.: Lawrence Erlbaum Associates.
- Olweus, Dan. (1992). *Mobbing i skolen. Hva vi vet og hva vi kan gjøre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Olweus, D., Limber, S. and Mihalic, S. (1999). *Bullying Prevention Program. Blueprints for Violence Prevention, book nine*. Blueprints for Violence Prevention Series (D. S. Elliott, Series Editor). Boulder, Colorado: Center for the Study and Prevention of Violence, Institute of Behavioral Science, University of Colorado.
- Olweus, Dan og Roland, Erling. (1983). *Mobbing – bakgrunn og tiltak*. Oslo: Kirke- og Undervisningsdepartementet (særtrykk til *Norsk Skole*).
- Pickstone, John. (1993). Ways of Knowing: Towards a Historical Sociology of Science, Technology and Medicine. *The British Journal for the History of Science*, 26 (91), 433-458.
- Pickstone, John. (2001). *Ways of Knowing: A New History of Science, Technology and Medicine*. Chicago: University of Chicago Press.
- Pickstone, John. (2011). A brief introduction to ways of knowing and ways of working. *History of Science*, 49 (164), 234-245.
- Pikas, Anatol. (1975). *Så stoppar vi mobbing! Rapport från en antimobbningsgrupps arbete*. Stockholm: Prisma.
- Pressemelding 120-84, Kirke- og undervisningsdepartementet, KUD (datert 13.12.1984). Riksarkivet, S-6143/D/Da/L0259/0004.
- Pressemelding, Utdannings- og forskningsdepartementet, 10.04.2003, https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/fokus_pa_lokal_innsats_mot_mobbing/id249317/ (lasta ned 20.01.19).

Raundalen, Magne og Raundalen, Tora Synnøve. (1979). *Er du på vår side! Rapport fra barnemiljøet, intervju med 4000 barn, foreldre og lærere*. Oslo: Universitetsforlaget.

Roland, Erling. (1983). *Strategi mot mobbing*. Oslo: Universitetsforlaget.

Roland, Erling. (1989a). *Tre år senere. Langtidsvirkninger i Rogaland av KUD's landsomfattende aksjon mot mobbing*. Stavanger: Stavanger Lærarhøgskole, Senter for atferdsforskning (Janusprosjektet).

Roland, Erling (1989b). A System Oriented Strategy Against Bullying. In Roland, E. and Munthe, E. (eds.). *Bullying – An International Perspective*. London: David Fulton.

Roland, Erling og Vaaland, Grete Sørensen. (1996). *Mobbing i skolen – en lærerveiledning*. Oslo: Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet/Nasjonalt læremiddelsenter.

Smith, Peter K. (1999), England and Whales. In Smith, Morita, Junger-Tas, Olweus, Catalano & Slee (eds.). *The Nature of School Bullying. A Cross-National Perspective*. London: Routledge.

Smith, Peter K. (2014). *Understanding School Bullying. Its Nature & Prevention Strategies*. London: Sage Publications.

Solberg, Mona and Olweus, Dan. (2003). Prevalence Estimation of School Bullying With the Olweus Bully/Victim Questionnaire. *Aggressive Behavior*, 29 (3), 239-268.

Telhaug, Alfred Oftedal. (1980). Den pedagogiske høyrebølgen og vår holdning til den. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, hefte 9, 338-343.

Telhaug, Alfred Oftedal og Vestre, Svein Egil (red.). (1981) *Normkrise og oppdragelse. Artikler om holdningsdannelse og normoverføring i hjem, skole og samfunn*. Oslo: Didakta Norsk Forlag AS.

Thuen, Harald. (2008). *Om barnet. Oppdragelse, opplæring og omsorg gjennom historien*. Oslo: Abstrakt forlag AS.

Sommer, Dion. (2003). *Barndomspsykologi. Udvikling i en forandret verden*. København: Hans Reitzels forlag.

Avisartiklar:

Aftenposten, 29.12.1982. *Barn mobbes til selvmord*.

Aftenposten, 11.01.1995. *Ta barn på alvor!*

Aftenposten, 15.08.2001. *Utdanner instruktører i antimobbing*.

Dagbladet, 30.12.1982. *Mobbet 12-åring gikk i skogen og hengte seg, To selvmord i Oslo*.

Nordlys, 30.12.1982. *Diskuterer mobbing i skolen*.

VG, 10.10.1972. *Pisket med PIGGTRÅD.*

VG, 10.01.1995. *Knivdrama i gymsal.*

VG, 13.12.2001. *Skift ut rektorer.*

Tromsø, 28.12.1982, *3 barn begikk selvmord – flere hindret.*

Tromsø, 30.12.1982, *Taushetsplikten virker negativt.*

Tidsskrift:

Norsk skoleblad, nr. 9, 1983, *Tiltak i vente fra KUD*, s. 48.

Norsk skoleblad, nr. 36, 1983, *Videokassett om mobbing*, s. 4.